

**From:** "åsmund julnes" <aasmund09@gmail.com>  
**Sent:** Tue, 18 Oct 2022 14:40:49 +0200  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** Reguleringsplan Aukraskogen

Hei!

Det er inntegnet en parkeringsplass ved hovedvegen. Her går det en skogsveg til eiendommene Aukravegen 175, 177 og 179. I forbindelse med søknad om boligbygging ved Aukravegen 177 i sin tid, hadde Statens Vegvesen sterke motargument til dette p.g.a. trafikksikkerheten ved avkjørelsen. Derfor er det merkelig at det er inntegnet en parkeringsplass ved nettopp avkjørelsen. Det er også et område det drives mye jakt, så en begrenset ferdsel er en fordel. Dessuten er det en stor parkeringsplass ved Aukrahallen/Kirken i nærheten, med fin tursti til Aukraskogen.

Mvh.

Åsmund Julnes

**From:** "Aukra - Post"  
**Sent:** Tue, 18 Oct 2022 15:03:46 +0200  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** VS: Kommentar - Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn

---

**Fra:** Roar Johansen <No-Reply@aukra.custompublish.com>

**Sendt:** 18. oktober 2022 11:37

**Til:** Aukra - Post <post@Aukra.kommune.no>

**Emne:** Kommentar - Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn

Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn

<https://aukra.custompublish.com/reguleringsplan-aukraskogen-endring-01-hoeyring-og-offentleg-ettersyn.6563320-364948.html?fbclid=IwAR0vmHZhn9oJ1vY3HhCfLgU58AnZbd8cS-MfbEHea0CrQPcul7Pnq1GkTD4>

Ny kommentar:

**Fra navn:** Roar Johansen

**Fra epost:** [roarjoh57@gmail.com](mailto:roarjoh57@gmail.com)

**Kommentar:** Hvor er det tenkt å begynne med skogsrydding først

Vil det ikke være mest fornuftig å begynne med trær som er nærmest bebyggelse.

Trærne vokser seg større for hvert og med fare for velt og skade av eiendommer.

Ref naboloven ang høyde på trær. solforhold osv

**cat:** 364948

**id:** 6563320

**From:** "Aukra - Post"  
**Sent:** Thu, 20 Oct 2022 09:24:11 +0200  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** VS: Kommentar - Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn

---

**Fra:** Sigurd Julnes <No-Reply@aukra.custompublish.com>  
**Sendt:** 19. oktober 2022 22:47  
**Til:** Aukra - Post <post@Aukra.kommune.no>  
**Emne:** Kommentar - Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn

Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - Høyring og offentlig ettersyn  
[https://aukra.custompublish.com/reguleringsplan-aukraskogen-endring-01-hoeyring-og-offentleg-ettersyn.6563320-364948.html?fbclid=IwAR0uyyYp22Kijgj0k\\_F-U9eB6n65muAgkqoCuW-7upgZbW9e5XnbnbkPKwQ](https://aukra.custompublish.com/reguleringsplan-aukraskogen-endring-01-hoeyring-og-offentleg-ettersyn.6563320-364948.html?fbclid=IwAR0uyyYp22Kijgj0k_F-U9eB6n65muAgkqoCuW-7upgZbW9e5XnbnbkPKwQ)

Ny kommentar:

**Fra navn:** Sigurd Julnes

**Fra epost:** [sigurdjulnes@yahoo.com](mailto:sigurdjulnes@yahoo.com)

**Kommentar:** Viser til tidligere merknad datert 09.08.22 -Begrunnelse - regulering av adkomstvei og snuplass Skogvegen 12. 10. 8. 6. 4.

Snuplassen og dei siste ca.45 meterne av tilkomstvegen ligger på kommunal grunn , som er ein del av arealet som kommunen kjøpte av Statsskog, og bør derfor tas med i reguleringa. Snuplassen er også feilplassert i gjeldende reguleringsplan.

**cat:** 364948

**id:** 6563320



## Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/00140-67  
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

## Særutskrift - Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - høyring og offentlig ettersyn

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Eldrerådet	26.10.2022	PS-19/22
1 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	26.10.2022	PS-17/22

### Eldrerådet har behandlet saken i møte 26.10.2022 sak PS-19/22

#### Møtebehandling

Eldrerådet har inga uttale i saka

#### Votering

Inga votering

#### Eldrerådets vedtak

Inga vedtak

---

### Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har behandlet saken i møte 26.10.2022 sak PS-17/22

#### Møtebehandling

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sette fram følgjande forslag:

Dei kommunale stiane må bli rusta opp slik at det vert universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Noko av veden som vert tatt ned, bør gis til tiltak for funksjonshemma.

#### Votering

Forslaget frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes vedtatt.

## **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevnes vedtak**

Dei kommunale stiane må bli rusta opp slik at det vert universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Noko av veden som vert tatt ned, kan gis til tiltak for funksjonshemma.

---

## **Reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 - høyring og offentlig ettersyn**

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Bakgrunn**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, har drift- og arealutvalet i møte den 12. oktober 2022, sak PS-15/22, vedteke å leggje reguleringsplan Aukraskogen, endring 01 ut til høyring og offentlig ettersyn i seks veker.

Frist for merknader er 1. desember 2022.

### **Vurdering**

Sjå vedlegga.

### **Administrative konsekvensar**

#### **Folkehelsekonsekvensar**

#### **Klima- og miljøkonsekvensar**

#### **Økonomiske konsekvensar**

Gerd Nerbø

Teknisk sjef

Gerd Marit Langøy

Kommunedirektør

### **Særutskrift**

Eining for tekniske tenester

### **Vedlegg**

Særutskrift (saksframlegg med vedtak)

Plankart datert 03.10.2022

Føresegner revidert 04.10.2022

Gjeldande reguleringsplan som skal endrast

Restareal som fortsatt skal gjelde

Lokalisering

Forvaltningsplan Aukraskogen 2019

Innkome merknader etter melding om oppstart

RETT UTSKRIFT

DATO 26.oktober.2022



## Statens vegvesen

AUKRA KOMMUNE  
Kommunehuset  
Nyjordvegen 12

6480 AUKRA

Behandlende enhet:  
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
22/139039-6

Deres referanse:  
Plan-22/00066-11

Vår dato:  
31.10.2022

### Uttale til reguleringsplan Aukraskogen – Endring 01 – Aukra kommune

Vi viser til brev datert 17.10.2022.

#### Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for opprusting av eksisterende driftsveg, skjøtselstiltak i Aukraskogen, sikring av kulturminner, tilpassing av turstier og oppdatert i etter nyeste plan- og bygningslov.

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

#### Vår vurdering

Vårt innspill vedrørende avgrensning i forhold til reguleringsplan for Kjerringsundet er ivaretatt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Formålet som er regulert til friområde åpner for oppføring av konstruksjoner og anlegg som fremmer bruk, der det gis eksempel som gapahuk, benker og bord. Da den nordlige delen av plankartet ligger innenfor byggegrensen mot fremtidig veganlegg – 50 meter i henhold til vegloven § 29 – bør det tegens inn en byggegrense i samråd med vegmyndighetene.

### **Konklusjon**

Vi viser til vår vurdering over og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE





Aukra kommune  
Kommunehuset Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kristin Eide, 71 25 84 33

## Aukra kommune - Uttale ved offentlig ettersyn av reguleringsplan Aukraskogen - endring 01

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Statsforvaltaren viser til Aukra kommune sitt brev datert 17. oktober 2022, der reguleringsplan for Aukraskogen blir lagt ut til offentlig ettersyn, etter vedtak i Drifts og arealutvalet den 12. oktober 2022, sak PS-15/22.

Hensikta med reguleringa er tiltak naudsynt for skjøtsel av skogen, samt andre tiltak. Turveg blir gjort om til veg, eksisterande stiar blir vidareført og eksisterande gapahuk blir tatt inn i planforslaget. Det blir lagt omsynssoner i plankartet kring ymse kulturminne og på areal med artar av stor forvaltningsinteresse og bøkskog, der det er rom for skjøtsel.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Planfagleg vurdering

Planføresegn 3.1 bør ikkje referere til «vidareført i nytt planforslag». Dette same gjeld pkt. 3.2 og 3.4 der det også er visning til opphavsleg reguleringsplan eller nytt planforslag.

Pkt. 3.6 gjeld formålet *Offentleg friområde*. Kommunen bør også her ta ut «og er vidareført i nytt planforslag» i første setning. Andre avsnitt er lite presis. Kor vidt eit tiltak «samsvarar med områda rundt» opnar for ei stor grad av skjønn. Dersom kommunen meiner at tiltak skal tilpassast naturen i området så bør det vere konkrete krav om at det skal byggast i tre, nytte naturfarga, maks. høgde og storleik på gapahuk mm. i føresegna.

Omsynssone naturmiljø H560 er ei sone der ein skal ta særleg omsyn til bevaring av naturmiljø. Det kan bli gitt retningsline til sona som gir føringar for forvaltninga. Vi rår til at kommunen ikkje blandar

friluftsjnteresser og naturmiljø i same omsynssone. Kanskje formål *friområde* sørger for tilstrekkeleg omsyn til friluftslivinteressene?

Vi kan ikkje sjå at omsynssone H560 ligg inne i plankartet sendt på offentleg ettersyn. Her må kartet bli oppdatert.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren viser til sine faglege råd slik at føresegna blir meir konkret og lesbar.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
ass. miljøverndirektør

Kristin Eide  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset

6404

Molde

**From:** "Aukra - Post"  
**Sent:** Mon, 28 Nov 2022 14:32:33 +0100  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** VS: Aukra pg - Bemerkninger ved offentlig ettersyn - Reguleringsplan Aukraskogen

---

**Fra:** Mads Jansen <mads.jansen@ovf.no>  
**Sendt:** 28. november 2022 14:09  
**Til:** Aukra - Post <post@aukra.kommune.no>  
**Emne:** Aukra pg - Bemerkninger ved offentlig ettersyn - Reguleringsplan Aukraskogen

**Epost fra Opplysningsvesenets fond**

**Vår ref: 07/1252**

**Deres ref: PLAN-22/00066-11**

Hei.

Vi takker for mottak av høringsmateriale.

Bestemmelsene til Offentlig friområde fremstår nokså "park-aktige".

Det bør fremgå tydeligere at vanlig hogst/skogbruk er tillatt.

Dersom det er intensjonen at grunneiere ikke skal kunne drive skogbruk, men kun "skjøtselstiltak i form av uttak av framande treslag", må vi be om erstatning for tapt tømmerproduksjon. Vi ber om direkte tilbakemelding på dette.

Med vennlig hilsen

Opplysningsvesenets fond

Mads Jansen  
arealforvalter

**Adresse**

Post: Pb 535 Sentrum, 0105 Oslo  
Besøk: Rådhusgata 1-3, Oslo  
Telefon: 23 08 15 00

**Web**

[www.ovf.no](http://www.ovf.no)

---

**Fra:** Aukra kommune

**Sendt:** 18. oktober 2022 00:00

**Til:** Mads Jansen

**Tittel:** Aukra pg - Høring og offentlig ettersyn - Endring 01 - Reguleringsplan Aukraskogen

Se vedlegg: Aukra pg - Høring og offentlig ettersyn - Endring 01 - Reguleringsplan Aukraskogen

**From:** "Drejer, Berit"  
**Sent:** Wed, 30 Nov 2022 10:41:20 +0100  
**To:** "Notøy, Svein Rune" <svein.rune.notoy@aukra.kommune.no>  
**Subject:** høyringsuttale til reguleringsplan Aukraskogen  
**Attachments:** Høyringsuttale til reguleringsplan - Aukraskogen.docx

Hei –

Og takk for sist på synfaring i Aukraskogen. Det var kjekt å få vere med på det. 😊

Eg har skrive ein uttale til planen i samband med Aukraskogen som kulturminne. Denne er sendt til postmottaket, men eg sender det til deg også.

Du ser jo at det er i tråd med det vi snakka med på synfaringa, men syns det må vere ein skriftleg uttale frå kulturseksjonen.

Eg arbeider jo med kulturmiljøplanen no, og den vert meir omfattande enn den gjeldande kulturminneplanen. Det skal jo følgje tiltak knytt til dei valte kulturminna, og skjøtselstiltak skal stå.

Gjerne også at ein kan nytte ekstern rettleiing for nyplanting i skogen.

Vi kan jo ta ein prat om dette når eg skal skrive om Aukraskogen.

Lukke til med reguleringsplanen.

Mvh

**BERIT DREJER** kulturformidlar

---

Mobil 9180 36 52

Telefon sentralbord 71 17 15 00

Postadresse Nyjordvegen 12, 6480 Aukra

[www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)



Aukra kommune

## Høyringsuttale til reguleringsplan Aukraskogen

Kulturavdelinga/kulturformidlar i Aukra kommune har lese plandokumenta om reguleringsplan for Aukraskogen som er lagt ut på høyring, og vil kommentere forslag til reguleringsplanen i høve til Aukraskogen som kulturminne.

### **Aukraskogen i kulturmiljøplanen**

Aukraskogen omfattar fleire kulturminne; sjølv skogen, gravrøysene og krigsminna. Området med desse kulturminna utgjør dermed eit kulturmiljø, i tillegg til å vere grøntområde og rekreasjonsområde.

På grunn av den spesielle historia når det gjeld planting av Aukraskogen, er skogen valt til eitt av kulturminna i Aukra kommune. Det var prest og botanikar Christian Kaurin som søkte midlar til å plante skog på prestegardsområdet. Kaurin var statstilsett og planta skog på offentlig eigedom. Anlegget vart difor det første offentlege skogsanlegget i Møre og Romsdal. Det vart planta over 26.000 planter, og mange av dei var ikkje stadeigne. Det gjeld mellom anna både bøk og lerk.

Aukraskogen vil vere eit av kulturminna som er med i kulturmiljøplanen som no vert utarbeidd av Aukra kommune. Det er viktig at den spesielle historia til skogen blir kjent, og at skjøtsel av skogen står som tiltak for å ta vare på kulturminnet. Dei framande artane som vart planta av Kaurin er med på å gjere Aukraskogen til det spesielle, verneverdige kulturminne som det er. Difor er det viktig at desse artane vert tekne vare på og skjøtta på ein god måte i framtida. Dette må også kome fram i reguleringsplanen og reguleringsføresegnene.

Eit nytt skilt om skogen si historie og dei andre kulturminna i skogen er under utarbeiding og vert slutført snarleg. Skiltet vert truleg montert i desember. Skogen er eit mykje brukt turområde, og då er det viktig med god informasjon til turgåande og elles dei som besøker området. Før sommarsesongen 2023 skal det etablerast turistinformasjon i kulturhuset. Turistinformasjon er også eit tiltak for å gjere historia til Aukraskogen meir kjent. Den spesielle historia til skogen kan med fordel marknadsførast meir enn det som er gjort.

I kulturmiljøplanen vil også krigsminna i Aukraskogen bli nemnte, i samanheng med andre krigsminne på Gossen. Dette gjeld spesielt krigsminna på Løvik kystfort og flyplassen knytt til denne. Krigsminna inngår i ein langsiktig plan for skjøtsel, tilrettelegging og turistinformasjon.

### **Skjøtsel av Aukraskogen**

Reguleringsplanen nemner uttak av lerk som skjøtselstiltak, for å gje betre vekstilhøve for lerketre som står igjen. Det er gode tiltak som vil ta vare på skogen. Her kan presiserast at sjølv om lerk ikkje er ein stadeigen type tre og såleis kan definerast som ein uønska art, er det viktig at uttak av lerk er skjøtsel og ikkje fjerning av arten. Sidan Kaurin planta desse, er difor er lerketrea ein viktig del av Aukraskogen som kulturminne. Skjøtsel og uttak av lerk må difor skje med mål om å ivareta denne arten i skogen. Dette bør då vere i tråd med det som står i reguleringsplanen, at ..."omfanget av skjøtselstiltaka vil ikkje vere av eit slikt omfang at opplevelsen av Aukraskogen vert vesentleg endra."

Sitkagran er ikkje ein del av den første plantinga, men er er planta som ein del av den leplantinga som vart gjort frå 1960-talet og utover. Sitkagran kan det med fordel takast ut mykje av, då denne arten veks seg stor, tek mykje plass og kan overta plass frå andre artar.

I planen er det nemnt at nyplanting av furu kan vere aktuelt. Dette bør gjerast med rettleiing frå fagperson, med tanke på nettopp Aukraskogen som kulturminne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ei tilskotsordning på skjøtsel og pleie av kulturminne, der det truleg vil vere høve til å søke midlar til arbeid i Aukraskogen.

28.11.22



**Fra:** [Aukra - Post](#)  
**Til:** [Nerbø, Gerd](#)  
**Kopi:** [Notøy, Svein Rune](#)  
**Emne:** VS: Ber om utsett frist (Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Aukraskogen - offentlig ettersyn)  
**Dato:** 25. november 2022 16:18:17

---

**Fra:** ingeborg.ellen.forseth@mrfylke.no <ingeborg.ellen.forseth@mrfylke.no>

**Sendt:** 25. november 2022 14:35

**Til:** Aukra - Post <post@Aukra.kommune.no>

**Emne:** Ber om utsett frist (Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Aukraskogen - offentlig ettersyn)

Hei!

Førespurnad gjeld dykkar ref. PLAN-22/00066-11.

Grunna høg saksmengde ber vi om utsett frist ei veke, 07.12.2022.

Mvh Ingeborg Forseth, rådgivar

**Fra:** [Notøy, Svein Rune](#)  
**Til:** [ingeborg.ellen.forseth@mrfylke.no](mailto:ingeborg.ellen.forseth@mrfylke.no)  
**Kopi:** [Nerbø, Gerd](#)  
**Emne:** Ber om utsett frist (Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Aukraskogen - offentlig ettersyn)  
**Dato:** 27. november 2022 13:34:00  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

---

**Det vert vist til e-post datert 25.11.2022, der du ber om utsett merkadsfrist for reguleringsplan Aukraskogen.**

Aura kommune tek ønsket om utsett merkadsfrist til følge, ny merkadsfrist vert sett til 07.12.2022.

**SVEIN RUNE NOTØY** *Arealplanleggar*

Telefon direkte 90 99 86 20

Telefon sentralbord 71 17 15 00

Postadresse Nyjordvegen 12, 6480 Aukra

[www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)



Aukra kommune



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Aukra kommune  
Nyjordvegen 12  
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-22/00066	17.10.2022	136018/2022/REGULERINGSPLAN/1547	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	08.12.2022

## Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Aukraskogen - offentlig ettersyn - motsegn

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.*

Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Aukraskogen.

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

#### Planfaglege merknader

Det er ikkje lagt ved planomtale til reguleringsframlegget. I medhald av plan- og bygningslova § 4-2 har vi derfor **motsegn** til planframlegget inntil planprogram ligg føre. Sjå også merknadane til kulturminne.

Vi ser positivt på at Aukra kommune har regulert Aukraskogen og at kommunen ønsker å ta vare på friluftinteressene. Vi ser det også som positivt at ein legg opp til ei god sikring arealplanmessig av dei kulturminna som ligg innanfor planområdet, både dei automatisk freda kulturminna og krigsminna.

Det er likevel viktig at dette skjer på ein måte som også sikrar skogen, som er eit verneverdig kulturminne. Dette blir vidare kommentert nedanfor.

#### Automatisk freda kulturminne

Vi ser det som positivt at snuhammaren er plassert lengre unna gravrøys ID 228592, og ber om at føresegnene blir endra i samsvar med dette.

Under synfaring saman med Aukra kommune i Aukraskogen, blei det diskutert skjøtsel kring dei automatisk freda kulturminna. Det står fleire store grantre i gravrøys ID 228592. I samband med skjøtsel av sitkagran ber vi om at grantre som veks i gravrøysa blir hogd så langt ned som mogleg, men at ein ikkje dreg opp røter. Det er også viktig å felle trea på ein så skånsam måte som mogleg.

Vi ber også om at det blir fjerna sitkagran i forkant og rundt den store gravrøysa ID 92189 inne i Aukraskogen, slik at ein får tilbake utsynet mot sjøen. Trefellinga må varslast til kulturavdelinga i fylkeskommunen før tiltaka tek til, og dette bør fastsettest i føresegnene.

Vi ber elles om at ein generelt er varsam under skjøtselen og fjerning av skog i Aukraskogen då det kan dukke opp ukjente kulturminne. Vi gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, til dømes funn av konsentrasjonar av stein, kolhaldige jordlag pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeidet om dette, men står også sjølv ansvarleg for at regelverket blir overhalde.

### **Kulturminne frå nyare tid**

Planforslaget har ikkje ein planomtale. Det gjer at det er vanskeleg å forstå korleis kommunen ser på skogen som eit kulturminne og korleis dei ulike interessene er vektlagt.

I vårt fråsegn ved varsel om oppstart, kom vi med merknad om at skogen også som plantefelt er eit kulturminne av høg verneverdi som det er viktig å ta vare på.

Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp på ein god nok måte. Det gjeld særleg reguleringsføresegnene som ikkje sikrar dei kulturhistoriske verdiane på ein tilfredsstillande måte. Men planomtalen må også skildre verdier og verknader tydeleg. Det må derfor gjerast endringar før planen kan godkjennast, jamfør den planfagleg grunngitte motsegna.

### Aukraskogen - verneverdig skogbrukshistorie

Aukraskogen er eit verneverdig kulturminne som fortel om starten på skogplantinga i fylket og i Norge. Aukraskogen vart etablert våren 1876 av presten Kaurin som både var teolog og biolog. Kaurin var ein pioner som hadde mykje å seie for at skogplantingssaka fekk eit så godt fotfeste i fylket, og at Aukraskogen såleis representerer ein viktig del av skogbrukets historie i fylket. I følgje Bygdebok for Aukra, vart det planta til saman 26 300 bar- og lauvtreplanter (buskfuru, norsk furu, kvitgran, alm, ask, lerk, austerrisk furu) mellom 1876 - 1879.

Møre og Romsdal skogselskap si jubileumsbok frå 1969 set Aukraskogen inn i ein større samanheng. Her er det påpeika at det berre var nokre få framsynte folk som var opptatt av å plante skog før 1880 åra. Dei første skoganlegga her i fylke var i Borgund, på Aukra og i Ørsta. Alle tre vart etablerte i 1870-åra som private initiativ. I 1878 vart Statens planteskole i Molde oppretta, og i 1879 etablerte Statens forstvesen det første plantefeltet i fylket på prestegarden i Borgund. Først i 1894 ble Romsdal Amts Skovplantingselskap etablert og dette var også det første fylkesskogselskapet i Norge.

Det er frå nokre hald hevda at Aukraskogen er eit arboret. I skogselskapets jubileumsbok og Bygdebok for Auka er skogen omtalt som eit plantefelt og ikkje som eit arboret. Når vi ser på storleiken av arealet og talet på tre som er planta, er det nærliggande å tenkje at dette først og fremst var eit plantefelt. Men ettersom skogen høyrer til prestegarden og ikkje ligg langt frå kyrkja, kan det hende at delar av skogen var tilrettelagt med tanke på formidling og rekreasjon, og ikkje berre forskning.

### Omsynssona

Ein stor del av skogen har omsynssone H\_560 friluft og naturmiljø. Statsforvaltaren foreslår i sin uttale å fjerne naturmiljø frå omsynsona. Vi støtter forslaget og foreslår å endre omsynsona til H\_570 kulturminne i staden. Når det gjeld skogen er omsynet til den historiske og kulturelle dimensjonen sentral.

Aukraskogen er eit plantefelt der formålet har vore å plante ukjente artar for å forske på dei og sjå korleis dei ville utvikle seg i eit kystmiljø som Aukra. I eit kulturmiljøperspektiv er det derfor viktig å ta vare på alle artane som vart planta, og skogens historie som eitt av de første plantefelta.

Dokumentet *Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen på Gossen* skriven av Miljøfaglig utredninger, ligg med som vedlegg til planen. Eit sentralt tema her er spreining av framande artar og at desse må fjernast – deriblant lerk som er planta i Aukraskogen og som etter vår meining har kulturhistorisk verdi.

Vi tilrår at det bør bli laga ein skjøtselsplan som avklarar korleis skogen skal bli skjøtta for også å ivareta dei kulturhistoriske kvalitetane ved skogen og friluftinteressene.

### Føresegnene

Med utgangspunkt i det som står ovanfor, har vi har følgande innspel til føresegnene:

- § 1 Målsetting med planen: Føye til setninga: «Bevare og regulere skjøtsel av Aukraskogen som eit kulturminne av regional verdi».
- § 3.9 første ledd: Foreslår korrigering til: « Føremålet omfattar område for statleg sikra friluftsområde, natur- og kulturhistoriske verdiane, og skal vere med på å sikre desse verdiane for framtida».
- § 3.2 andre ledd: føye til kulturminneverdiane slik; «natur- og kulturminneverdiane».
- § 3.9 Vi vil ikkje tilrå ei reguleringsføresegn som legg opp til fjerning av dei kulturhistoriske verdiane og ber om at setninga endrast til:  
« ..fjerning av sitkagran og tynning av skog utan å øydelegge dei kulturhistoriske verdiane. Skjøtsel av skogen skal skje på ein skånsam måte utan køyreskader og minst mogleg slitasje på skogbotnen. Målet er å ta vare på dei gamle treslaga planta på 1870-talet, men å hindre spreining til andre område.»
- Føresegnene bør bli tilførd følgande passus: «Under planlegginga av hogst/uttak av skog, skal regional kulturmiljømynde ha høve til å vere med på å blinke uttaket.»

### Krigsminna i Aukraskogen

Vi har fått avklart at Tangen fangeleir låg utanfor planområdet, og at muren og dei spora som er merka på plankartet er andre kulturminne frå krigens dagar. I plankartet har spora og området rundt fått omsynssone H570.

Vi ber om at «Tangen fangeleir» på plankartet vert endra til «Krigsminne» og at ID-merke vert tatt vekk.

I høyringsbrevet ber kommunen om at fylkeskonservatoren lager forslag til tekst for sone H570 kulturminne på Tangen. Vi foreslår desse endringane;

- §3.9 7. ledd: Ta ut «Tangen fangeleir» og erstatt med «krigsminne»
- Spora etter krigsminnet skal takast vare på, dei skal ikkje påførast skade, og kan ikkje fjernast. Tre og anna vegetasjon som veks for tett på og som skadar kulturminna kan fjernast og skjøttast. Krigsminna skal skjøttast gjennom m.a. at

tre og anna vegetasjon som veks for tett på og som skader kulturminna blir fjerna.

### **KONKLUSJON**

I medhald av plan- og bygningslova § 4-2 har vi motsegn inntil det ligg føre ein planomtale i samsvar med innhaldskravet i nemnde paragraf. Planen kan ikkje eigengodkjennast før dette ligg føre.

Av omsyn til kulturminneverdiane som ligg i området, rår vi sterkt til at kulturverninteressene blir sterkare sikra i planen. Det gjeld mellom anna ivaretaking av den skogbruks-historiske tilplantinga, jamfør framlegg til endringar i føresegnene for planen som er omtalt lenger oppe i brevet. I dette ligg også eit krav om synleggjere verknader for kulturmiljøet i planomtalen.

Vi viser elles til andre merknader ovanfor og ber om at dei blir tekne omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Gunn Randi Seime  
Kst fylkeskommunedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

#### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: rådgivar/arkeolog Susanne Busengdal, tlf. 71 28 02 75  
Kulturminne frå nyare tid: rådgivar Hilde Arna Tokle Yri, tlf. 977 57 600

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal